


Søknad frå Vestland fylkeskommune Gjensidigestiftelsen
Naturmøteplass november 2020

Kartet viser Vestland fylke der dei blå markørane markerer delprosjekt A og dei brune markørane markerer delprosjekt B.



Forslag Delprosjekt A - Utvikling av områder rundt dagsturhyttene

Total søknadssum til Gjensidigestiftelsen på delprosjekt A; **650 000 kr.**

Prioriterte prosjekt som lar seg realisere i 2021;

- | | |
|-----------------------------------|------------------------|
| 1. Byngjo, Alver kommune | søknadssum 325 000 kr. |
| 2. Grøttneset, Masfjorden kommune | søknadssum 325 000 kr. |


1. Alver kommune, Byngjo – universell utforming av tilkomsten til dagsturhytta

Dagsturhytta til dagsturhytta i Alver, Byngjo ligg i eit statleg sikra område, der målet er å auke tilkomsten til denne hytta som ligg like i sjøkanten og som aukar naturoppleving for fleire og nærlieken til sjø for personar med nedsett funksjonsevne. Dette gir personar i rullestol høve til lik deltaking og kunne kjenne på sjøsprøyt og saltvatn



2. Masfjorden kommune, dagsturhytta på Grøttneset

Dagsturhytta I Masfjorden ligg fint til ved sjøen med ei allereie etablert flytebrygge for ilandstigning er målet at personar med nedsett funksjonevne skal kunne ta seg inn i dagsturhytta frå sjøsida med ein slyngande terrasseklopp som slyngar seg i terrenget langs berget. Der er også planlagt på sikt ein unersell utforma tursti frå parkeringsplassen.



Forslag Delprosjekt B - Fiskeplassar, badeplassar, vannsport og turvegar tilrettelagt UU

I denne delen av søknaden legg vi særskilt vekt på personar med nedsett funksjonsevne sine svake moglegheiter for deltaking i friluftslivet ettersom mange anlegg er for lite tilrettelagde for denne målgruppa. Dette har vi som målsetning å endre med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Både tidlegare Sogn og Fjordane og no Vestland fylkeskommune har gjennomført fleire kartleggingar med midlar frå både Kartverket og eigne midlar for å auke kunnskapsgrunnlaget for slik tilrettelegging. Dette viser eit stort behov for slik tilrettelegging. Vi har vore i dialog med Hauglandssenteret rehabiliteringssenter, som har sitt nedslagsflet i fylka Vestland og Rogaland. Denne satsinga vert ønskt svært gjerne velkommen av dette rehabiliteringssenteret, der pasientar etterlyser tiltak for å drive slik type vannsport, fiske og badeliv – aktivitet saman med nettverket sitt, vene, familie og kollegaer. Dette rehabiliteringssenteret har den einaste av sitt slag i Norge av utsettingsrampe for vannsport og føremålet med dette tiltaket er å få etablert fleire slike med støtte frå Gjensidigestiftelsen. Slike anlegg vil vere unike og innovative og vere forbildeprosjekt for andre deler av landet.





Total søknadssum til Gjensidigestiftelsen på delprosjekt B; 2 625 000 kr.

Prioriterte prosjekt som lar seg realisere i 2021;

- | | |
|----------------------------------|---------------|
| 1. Deknepollvatnet, Kinn kommune | 1 075 000 kr. |
| 2. Hafslovatnet, Luster kommune | 800 000 kr. |
| 3. Skjold, Bergen kommune | 325 000 kr. |
| 4. Byngjo, Alver kommune | 325 000 kr. |
| 5. Sanden, Sunnfjord kommune | 100 000 kr |

1. Universell utforma badeplass, utsettingsrampe, badebrygger og fiskebrygger, båthus for kajakk og sanitæranlegg med badstu ved Deknepollvatnet i Kinn kommune



2 .Universell utforma badepass, utsettingsrampe, badebrygger og fiskebrygger, båthus for kajakk og sanitæranlegg med badstu ved Hafslvatnet i Luster kommune

Hafslvatnet i Luster kommune er eit svært godt ferskvatn for ørretfiske og eit mykje brukte rekreasjonsområde, men som har stort potensiale for vidare utvikling. Skular og barnehagar og busetnad ligg omkransa rundt vatnet og brukar dette området mykje i dag.



Uttale frå Luster kommune;

Atle Skrede, Vlfk

Viser til våre samtalar vedk. forslag Delprosjekt B - Fiskeplassar, badeplassar, vannsport og turvegar tilrettelagt UU.

Saka som du har teke opp med oss i Luster kommune er i dag drøfta med rådmannen Jarle Skartun, og instillinga vår er at dette er eit solid tiltak som me gjerne vil fylgja opp vidare.

Som kjent er våre planar å realisere eit båthus/kajakknaust (anlegg nr 75601) i området ved Hafslø barne- og ungdomsskule/Hafsløvatnet i 2021. Planane våre er også å realisere ein større Gapahuk (anlegg nr 76607)

i same område, m.a. for å gjera dette til ein meir attraktiv møteplass for alle. Frå før er det bygt ei 7-ar ballbane med kunstgras i same område.

Kommunestyret i Luster kommune har allereie vedteke handlingsplan for anlegg 2020-2023 med «garanti» for kommunal finansiering av desse nemnde anlegga.

Me ser fram til å samarbeide om realiseringa av dei planane som Vestland fylke her har teke initiativ til, og som høver svært godt i forhold til realiseringa av Båthuset.

Med venleg helsing

Erling Bjørnetun

kultursjef

57 68 55 21 / 478 65 650

3. Utsettingsrampe ved Skjold i Bergen kommune, Bergen Roklubb



Bergen og Hordaland Turlag tilrår Skjold og halvøya knytta til Sjøsportsenteret og Bergen Roklub.

Det er aktivitet på Sjøsportsenteret (som ligg til venstre i biletet). Her er det fasiliteter for dei med nedsatt funksjonshemmning. Turlaget har aktivitetstilbodet vårt her med DNT Tilrettelagt (som fylkeskommunen støtter).

https://www.bergenoghordalandturlag.no/aktiviteter/124664/886818/?fbclid=IwAR1GbnuYqgc9kDnju4LFXZGfGMF98eKZJ_z3FOIVgtvcUgY-GstfBsvobSw

Det er veldig fint å padle ut til Marmorøyene. Her er det ei satsing med gapahuker og tilrettelegging. Det bør vere anledning å få til ein avtale med Bergen Roklub for dei har også vaktmeister.

4. Utsettingsrampe ved friluftsområde Byngjo, Alver kommune



Dette området er også omtalt under delprosjket A, men dette området ynskjer vi å prioritere inn som utviklingsområde for personar med nedsett funksjonsevne som vannsportanlegg for kano og kajakk for denne målgruppa.

5. Tusenårsstaden Sanden i Sunnfjord kommune

I 2015 gjennomførte fylkeskommunen ei kartlegging av badeplassar i fylket og tilgang for personar med nedsett funksjonsevne.

Naustdal kommune

Badeplass:

Tusenårsstaden Sanden badestrond

Forslag til forbetring:

Skilte og merke for HC-parkering. Ein bør vurder å flate ut tilkomst til bru, slik at øya også blir tilgjengelig for personar med nedsett funksjonshemning. Baderampe er mogelig å få til utan for storekostnader. Benkar/sittegruppe bør setjast opp på eit område med fast og jamt dekke og dei må vere universelt utforma med minst 50 cm utstikk.

Det bør vurderast å søke om spelemidlar til baderampe og til sanitæranlegg.



Hei

Sender innspel etter avtale. Grunna kort frist har eg ikkje fått diskutert innspelet med mine leiarar Anne-Grete eller Hilde. Av same årsak har vi heller ikkje fått vurdert prosjektet, eller forankra prosjektet budsjettmessig.

Tiltaket du skisserer via telefon, er å søke midlar frå Gjesidigestiftiga og spelemidlar til ei universelt utforma utkjøringsrampe for rullestolbrukarar til kano og liknande.

Slik eg ser det er det Sanden i Naustdal som egnar seg best av dei friluftsområda vi har i kommunen. Her er mykje av naudsynt infrastruktur på plass frå før, område er statleg sikra og eigd av kommunen.

I tillegg er det støypt ein betongrampe frå badeplassen ned i sjøen, som kan egne seg. Men vi må sjølvsga sjå på heilskapen og om ei slik rampe er foreneleg med andre behov og bruk av område, dersom det vert aktuelt å gå vidare med dette. Vi må også sjå på driftskostnad.

I etterkant av telefonsamtale kan også Svidalsneset i Jølstravatnet vera aktuell plass, eller i austenden av Jølstravatnet, ved Vassenden.

Eg legg ved rapport frå kartlegging av universell utforming utført i 2015. Side 37 skildrar Sanden i Naustdal. Side 31 skildrar Svidalsneset, men her er det gjort store utbetrิงa av SVV i etterkant av kartlegginga.

Med vennleg helsing

Solfrid Trå

Rådgjevar idrett og friluftsliv

Tlf: +47 976 23 098

Sunnfjord kommune

Sentralbord: +47 57 72 20 00

www.sunnfjord.kommune.no

Andre prosjekt som vi ikkje har prioritert i denne omgang , men som totalt har ein søknadssum til Gjensidigestiftelsen på 2 100 000 kr.

Samnanger kommune, turveg ved Kvernesvatnet

Dagsturhytta i Samnanger kommune er bestemt plassert ved Kvernesvatnet, ikkje langt frå Bjørkheim sentrum. Turvegen til dagsturhytta treng opprusting for å kunne bli styrka som eit godt tilrettelagt turmål for personar med nedsett funksjonsevne. Målet er at fleire får anledning å delta på lik linje i naturopplevingar og målet er at elektriske rullestolar etterkvart kan rulle inn i dagsturhytta i Samnanger kommune. Der er høve til å gjøre området meir tilgjengeleg til vatnet, men i første omgang er det viktigast å auke tilkomsten til dagsturhytta.



Fellesprosjekt formidling av natur, kulturminne og historie ved ti dagsturhytter

Dagsturhyttene er ein viktig sosial møteplass i naturen på tvers av generasjonar, alder, ulike sosiale lag av befolkninga og dette skapar unike moglegheieter til å formidle både kulturminne i området, fortelje om ulike naturformasjonar og nyare tids historie knytt til området. Der er sett ned ei arbeidsgruppe som består av både seksjon for kulturarv, idrett og friluftsliv og fylkesarkivet som skal utvikle dette tiltaket. Fylkesarkivet har store mengder foto, tekst og anna materiale som kan danne grunnlag for denne formidlinga. Målet med tiltaket er å skape nye arenaer i naturen for formidling der både turglede, leseglede og kunnskap om lokalgeografi kan bli formidla på ein interessant måte med både tradisjonelle skilt og formidling ved bruk av QR kodar med mobiltelefon.



Utviklinga av byen Førde



Utviklinga av industristad Årdal, industrihistorie



Gulatinget, Gulen



Selja Kloster, Selja



Verdsarven Urnes Stavkyrkje i Sølvorn ved Lustrafjorden

Naturleikeplass, Tysnes kommune

Tysnes kommune ønsker å gjøre dagsturhytta endå meir attraktiv for barnefamiliar med ein naturleikeplass på dagsturhytta. Denne skal innehalde ulike element som slengdisse, klatreapparat, balanseliner, slengtau, utskorne dyr og leikehytter m.m og kan styrke både kondisjon, styrke og sosial mestring. Det vert søkt om speleemidlar til dette tiltaket og tiltaket kan sjå slik ut;




Gapahuk ved dagsturhytta Gytta , Sunnfjord kommune

Gyttaas Venner i Førde i Sunnfjord kommune har ansvar for å ha tilsyn med dagsturhytta Gytta. Dagsturhytta er ein av dei mest populære av alle dagsturhyttene i gamle Sogn og Fjordane. Denne vert besøkt av mange barnehagar i området og det er eit viktig moment at denne skal innehalde benkar og bord under tak som barn kan ete lunsj under utan å gå inn i dagstutrhytta der barn må bruke mykje tid på å ta av sko og klær. I tillegg vil denne gapahuken ha funksjon som overnattingsplass og styrke mogleheieter for overnatting i nærmiljøet der folk bur utan å måtte ta med mykje utstyr som både telt og liggeunderlag. Der vil vere oppheng for hegekøyser også.



Turveg ved Brakvatnet, Osterøy kommune

Dagsturhytta i Osterøy kommune ligg på Erstadfjellet. Denne hytta er uråd å legge til rette for alle brukargrupper. Området ved Brakvatnet er eit mykje brukt tur-/rekreasjonsområde og badepest som kan utfylle eit behov som ikkje vert dekkja for dei som ikkj har høve til å kome seg til Erstadfjellet.



Vidare har vi også spelt inn følgjande område med potensiale for utvikling av Naturmøteplassar med finansiering frå Gjensidigestiftelsen;

- Sanatoriet, Osterøy kommune
- Turveg i Vaksdal kommune
- Jølstravatnet, Sunnfjord kommune